



Arkivsak

26/10733-1

Sakshandsamar

Ellen Rodvang

Saksgang

Hovedutvalg for kultur, reiseliv og

frivillighet

Fylkesutvalg

Møtedato

27.05.2026

10.06.2026

Generalforsamling Raulandsakademiet AS

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Fylkesutvalet tek årsberetninga til orientering
2. Fylkesutvalet godkjenner rekneskapen

Bakgrunn og saksgang

Raulandsakademiet AS Norsk senter for folkekultur skal ha generalforsamling 9. juni 2026 klokka 12.00. Dei har ikkje sendt ut innkalling enno, og opplyser at dei fylgjer aksjelova med frist to ukar før generalforsamling.

Saka går til hovudutval for kultur, reiseliv og frivilligheit for uttale, før fylkesutvalet fattar endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Telemark fylkeskommune eig 0,8 prosent av Raulandsakademiet AS. Det er eit kurs- og aktivitetssenter i Vinje kommune som tilbyr kurs i tradisjonelle og nyare handverksteknikkar. I tillegg tilbyr dei arrangement, konsertar, møtelokale og overnatting heile året. Raulandsakademiet AS er også ein stor eigedomsforvaltar og -utviklar, og leiger bort store delar av eigedomsmassen til Universitetet i Sørøst-Noreg. Formålet med selskapet er utleige, overnatting, kurs og aktivitetstilbod, og det som naturleg høyrer til slik verksemd.

Styreleiar Jan-Olav Styrvold har i e-post 18. mai 2026 sendt oversikt over sakene på generalforsamlinga.

Blant sakane som vil bli behandla på generalforsamling er godkjenning av årsberetning, godkjenning av årsrekneskap, fastsetjing av honorar og val av styremedlemmar.

I følgje årsberetninga var driftsinntektene i 2025 på 16 684 717 kroner ei auke på 3 % frå 2024. Samstundes var driftskostnadene på 16 433 895 kroner, med eit driftsresultat på 250 822 kroner. Dette er ei klar betring etter nokre år med underskot i drifta. Årsresultatet enda likevel med eit underskot på 247 350 kroner, grunna rentekostnadar. Eigenkapitalen er nede på 32 823 836 kroner frå opphøvelege 35 150 000 kroner.

Selskapet har gjennomført tiltak for å redusere kostnadane. Inntekts- og utgiftsbildet har endra seg siste året, til dømes gjekk salet frå studentkantina ned med 36 %. Det knyttar dei til den nye *studentstoga* og studentbustadene som opna i 2024. Ein langsiktig utfordring for selskapet er framleis at overnattingsbelegget held fram med å gå ned grunna konkurranse frå til dømes Airbnb og anna privat utleige.

Rekneskap og løn vart frå januar 2024 set ut til Vest-Telemark Rekneskapsservice AS, noko som er vurdert som eit vellykka tiltak for selskapet.

Det har vore stor aktivitet i selskapet med 5 544 gjestedøgn, 247 deltakarar på 39 kurs, ei lita auke frå året før, utleige og ein rekke arrangement gjennom året. Nytt i 2025 var eit tilbod om catering.

Raulandsakademiet feira 50-års jubileum med open markering med marsipankake og festmiddag på kvelden. Sjå elles årsberetning 2025 for meir informasjon.

Styret for 2025 har vore:

Jan-Olav Styrvold, leiar

Anne Gro Istad Løvaas, medlem

Tore Midtun, medlem

Kari Ann Frøyen, medlem,

Sigvald Oppebøen Hansen, medlem, Telemark fylkeskommune

Veslemøy Wåle Gjestrud, varamedlem, Telemark fylkeskommune

Bjørn Jore, varamedlem

Åsne Vesaas, varamedlem

I e-posten frå 18. mai skriv styreleiar at innstillinga frå valnemnda er:

Styreleiar: Irja Godal 2026-27

Styremedlem: Anne Gro Istad Løvaas 2025-27

Styremedlem: Tore Midtun 2025-27

Styremedlem: Malene Gundlach 2026-28

Styremedlem: Sigvald Oppebøen Hansen (vald av fylkeskommunen)

Vara: Bjørn Jore 2026-27

Vara: Åsne Vesaas 2026-27

Valnemnd:

Marit Jortveit

Nils Ole Lien

Bibbi Tveito

Når det gjeld fastsetting av honorar, skriv styreleiar at revisors honorar blir foreslått dekket etter rekning og at dagens styrehonorar blir foreslått vidareført slik:

- Styrets leiar: 50 000 kroner

- Styremedlem: 30 000 kroner
- Varamedlem: 3 500 kroner for kvart møte de stiller

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka har inga økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for Telemark fylkeskommune. Telemark fylkeskommune yter ikkje tilskot til Raulandsakademiet AS Norsk senter for folkekultur.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

Saka har inga direkte konsekvensar for fylkets klimamål eller FNs berekraftsmål. Raulandsakademiet medverkar til berekraftsmål gjennom verksemda si med fokus på gamle handverksteknikkar og immateriell kulturarv.

Fylkesdirektørens vurdering

Raulandsakademiet AS er ein verdifull kulturinstitusjon i fylket gjennom sine tilbod om kurs i ulike handverksteknikkar og gjennom samarbeidet med Universitetet i Sørøst-Noreg. Selskapet medverkar såleis til bevaring og utvikling av den immaterielle kulturarven i fylket og til lokale aktivitetar som bygdekino, litteraturfestival, konsertar gjennom Vinterfestivalen, marknader og anna.

Det er bruka tid på dialog og oppfølging for å prøve å få sakspapira i tide til politisk behandling og få forståing for eigarskapsrutinar i Telemark fylkeskommune. Det har vore ei utfordring over fleire år. Det er eit mål for fylkesdirektøren å få alle sakspapira utsende i god tid, slik at dei kan leggjast fram til politisk handsaming i forkant av generalforsamlinga.

Vedlegg:

Årsberetning 2025

Resultatrekneskap 2025

Årsberetning 2025

Resultatrekneskap 2025